



06.09.23

## Høyringsuttale – Framlegg til planprogram «Barnehage- og skulebruksplan»

Uttalen byggjer på prosessar frå foreldreutvalet (FAU), samarbeidsutvalet (SU), skulemiljøutvalet (SMU), elevrådet, tilsettgruppa og arbeidsmiljøgruppa (AMU) ved Sæbø skule.

— Dei ulike råda har tatt stilling til framlegg til planprogram for «Barnehage- og skulebruksplan», og underteikna sender med dette ei felles uttale frå dei ulike råda.

---

### 1. Generelt

— Dei ulike råda synast innhaldet ser bra ut og at dette er eit godt utgangspunkt for vidare prosess. Det er vektlagt at ein må sikre medverknad ute i avdelingane undervegs i prosessen, og at det ser ut til at dette er prioritert i planprogrammet.

---

### 2. Planprosess og medverknad

#### «Referansegruppe»

Det kjem tydeleg fram kven som skal organiserast inn i prosessen for medverknad. Likevel er det noko uklart kva omfang «Referansegruppe 1» skal ha, og korleis desse prosessane skal organiserast.

- Det står styrar – tyder dette ein styrar?
- Er det alle rektorar? Eller evt eit utval?
- Elevråd – alle eller eit utval?
- FAU – alle FAU eller kommunalt FAU?
- Referansegruppe 2 – kven er dette?

#### Medverknad og dialogmøte

Det står god informasjon om kvifor det er viktig med medverknad. Råda stiller spørsmål ved korleis prosesser for medverknad skal gå føre seg. T.d. er det trekt fram dialogmøte. Kva er dette? Og korleis skal det organiserast?



Det er ønskeleg at delen av planen om «Planprosess og medverknad» vert ytterlegare konkretisert, og at innhaldet i prosessane for medverknad vert skissert.

---

Innspel formidlast på vegne av foreldreutvalet (FAU), samarbeidsutvalet (SU), skulemiljøutvalet (SMU), elevrådet, tilsettgruppa og arbeidsmiljøgruppa (AMU) ved Sæbø skule.

— Mvh  
Eirin Dyngen  
Rektor Sæbø skule

—